



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Parken Kulturhus, Raudeberg
Dato:	06.11.2019
Tid:	Kl. 10:30 - 18:10

Følgjande medlemmer møtte

Anders Ola Sunnarvik
Bente Nygård
Kim Gunnar Jensen
Lars Terje Standal
Leif Magne Gil
Ola Teigen
Petter Karl Refsnes
Silje Ødegård Standal
Tove Lill Refvik Volle
Frank Willy Pedersen Djuvik
Miriam Johanne Nesje
Anett Berg
Arlene Vågene
Hanne Eva Husebø Kristensen
Morten Andreas Hagen
Vidar Grønnevik
Gustav Johan Nydal
Kine Andersen Nygård
Odd Bovim
Daniel Erik Adrian Henriksson
Geir Ole Oldeide
Marie Kronen Tveranger
Sunniva Audardottir Oldeide
Asgeir Olav Solheim
Fredrik Smiley Egeberg
Jan Arve Midtbø
Jon Valur Olafsson
Randi Hagevik Aare
Sidsel Fænn Kongsvik
Tom Andrè Vedvik Hopland
Torgunn Elisabeth Eikevik
Ingunn Kjersti Frøyen
Marie Kristine Øvreås Jensen
Edvard Iversen
Hilmar Eliasson
Jacob Andrè Telvik Nødseth
Jan Henrik Nygård

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn AP
Kinn FrP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn KrF
Kinn MDG
Kinn MDG
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn Rødt
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SP
Kinn SV
Kinn SV
Kinn V
Kinn V
Kinn V
Kinn V

Torstein Hagen
Marianne Kvalvik Kvamme
Ørjan Kvalheim
Dag Almenning

Kinn V
Kinn SP
Kinn H
Kinn KRF

Forfall

Ronny Cassells
Kristian Skibenes

Parti

Kinn AP
Kinn H

Varamedlem

Stine Kråkenes Øvrelid
Bengt Solheim-Olsen

Parti

Kinn AP
Kinn H

Møtenotater:

Friluftspolitikk! Eg?

Orientering v/leiar i Fjordane Friluftsråd, Arlene Våge.

Kommunestyremøte/folkevalopplæring

Rødt v/repr. Sunniva Oldeide fremma forslag om å starte folkevalopplæringa kl. 15.30 og fortsette kommunestyremøtet 07.11.2019, etter utvalsmøtene.

Kommunestyret voterte over forslaget og denne falt mot 6 stemmer.

Kommunestyret vedtok å utsette *Utkast til Økonomiplan og Handlingprogram 2020-2023* til 07.11.2019. Interpellasjonane vart utsett.

Permisjonar

Repr. Jan Henrik Nygård fråtro kl. 15.30, repr. Torstein Hagen tiltro som vara.

Repr. Torgunn Elisabeth Eikevik fråtro kl. 15.30, repr. Marianne Kvalvik Kvamme tiltro som vara.

Repr. Hanne Husebø Kristensen fråtro kl. 15.30, repr. Ørjan Kvalheim tiltro som vara.

Repr. Gustav Johan Nydal fråtro kl. 17.10, Dag Almenning tiltro som vara.

Måløy, 14.11.2019

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
020/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/19	Godkjenning av møteprotokoll
022/19	Refererte skriv og meldingar
023/19	Interpellasjon/spørsmål
001/19	Interpellasjon til Kinn kommunestyre - Meirope bibliotek
002/19	Interpellasjon: Erklæring om klimakrise
024/19	Godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023
025/19	Delegeringsreglement Kinn kommune
026/19	Strømming av formannskapsmøter i Kinn
027/19	Etablering av nytt innkjøpssamarbeid i Sogn og Fjordane med Kinn som vertskommune
028/19	Søknad om støtte til Stad skipstunnel film
029/19	Søknad om støtte til oppgradering av veg til Hendanes fyr
030/19	Flora Turlag - Søknad om støtte til kjøp av skulehuset på kinn til turlagshytte
031/19	Lokal forskrift om gebyrer for saksbehandling, bygge- og delesaksbehandling, oppmåling og eigerseksjonering
032/19	Lokal forskrift vann og avløpsgebyr
033/19	Lokal forskrift om saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensingsregelverket
034/19	Lokal forskrift om feie- og tilsynsgebyr
035/19	Eigarstrategi for Kinn kommune
036/19	Val av medlemmer til Eigarutvalet
037/19	Organisering bygg og driftsform Nordfjordbadet
038/19	Val av representantar til styret i KF Nordfjordbadet
039/19	Val av klagenemnd
040/19	Val av representantar til styret i KF Flora Hamn
041/19	Val av representantar til styret i KF Kinn utviklings- og ressurscenter
042/19	Val av representantar til styret i KF Havhesten
043/19	Val av representantar til styret i KF Bordgleder
044/19	Suppleringsval Kinn - Oppvekstutvalet - vararepresentantar SV
045/19	Samarbeidsavtale - Interkommunalt krisesentertilbod
046/19	Kommunal vigsel i Kinn kommune
047/19	Tilskot til Måløyraidsenteret
048/19	Sekretariatsordning for kontrollutvalet i Kinn
049/19	Val av kommunal representant og vararepresentant til kyrkjeleg fellesråd i Kinn



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/19	Kommunestyre	06.11.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Prosjektrådmannen si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyre 06.11.2019:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ordførar Ola Teigen orienterte om følgande:

Sak om *Utbygging av ny fløy E ved Kulatoppen omsorgssenter med mer* vart behandla av Vågsøy kommunestyre i går, 05.11.2019, og vil bli behandla i Kinn formannskap og kommunestyre i eit framtidig møte.

Innkomne interpellasjonar vil bli behandla til slutt i møtet. K-sak 048/19 *Sekretariatsordning for kontrollutvalet i Kinn* vil bli behandla først.

Rødt v/repr. Daniel Henriksson ønskte å trekke følgande saker frå dagens sakliste, grunna først å behandle av Vågsøy kommunestyre:

K-sak 029/19 *Søknad om støtte til oppgradering av veg til Hendanes fyr*

K-sak 037/19 *Organisering bygg og driftsform Nordfjordbadet*

K-sak 038/19 *Val av representantar til styret i KF Nordfjordbadet*

Prosjektrådmann Terje Heggheim orienterte.

Kommunestyret vedtok at sakene 037/19 og 038/19 vart utsatt. Det vart vedtatt mot 3 stemmer å behandle sak 029/19.

Votering:

Prosjektrådmannen si tilråding samrøystes godkjent.

K- 020/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/19	Kommunestyre	06.11.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen si tilråding:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyre 06.11.2019:

Handsaming:

Val av ordførar 25.09.2019

Val av ordførar vart gjort ved skriftleg røysting i Kinn bystyre 25.09.2019. Det har vore usikkerheit om gjennomført val har vore lovleg.

Ordførar Ola Teigen informerte at i følge uttale frå kommunaldepartementet er det opp til kommunestyret sjølv å vurdere om val av ordførar er gyldig. Lovlegkontroll utført i Trøndelag har konkludert med det same. Prosjektrådmann Terje Heggheim stadfesta same konklusjon administrativt.

Ordførar Teigen foreslo at ved godkjenning av møteprotokoll også godkjente val av ordførar.

Møteprotokoll 25.09.2019

Repr. Vidar Grønnevik møtte ikkje.

Repr. Bengt Solheim-Olsen møtte.

Repr. Maria Kronen Tveranger møtte.

Repr. Geir Oldeide møtte.

Ungdommens kommunestyre møtte.

Møteboka elles godkjent.

Votering:

Prosjektrådmannen si tilråding samrøystes godkjent.

K- 021/19 Vedtak:

Møteprotokoll frå 25.09.2019 og val av ordførar 25.09.2019 samrøystes vedtatt.

Møteprotokoll frå møte 25.09.2019 ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kinn bystyre - 25.09.2019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/19	Kommunestyre	06.11.2019

Refererte skriv og meldingar

Prosjektrådmannen si tilråding:

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.

Underliggende sak:

001/19, Ungdomsklubb - lokale

002/19, Landstraum til skip på dei offentlege kaiene på Fugleskjærkaia og kai G/Botnastranda

003/19, Åpenhetsråd til politisk ledelse i kommunen

Kommunestyre 06.11.2019:

Handsaming:

RS 001/19 Ungdomsklubb - lokale

V v/repr. Jan Henrik Nygård stilte spørsmål om finansieringa.

Prosjektrådmann Terje Heggheim informerte; finansieringa vil bli tatt med i budsjettarbeidet og det vil bli utarbeida ei sak til kommunestyret.

RS 002/19 Landstraum til skip på dei offentlege kaiene på Fugleskjærkaia og kai G/Botnastranda

Orientering v/styreleiar i Flora Hamn KF, Vidar Grønnevik.

RS 003/19 Åpenhetsråd til politisk ledelse i kommunen

Rødt v/repr. Sunniva Oldeide fremma følgande forslag til vedtak:

Kinn kommune skal arbeide for økt åpenhet mellom folkevalgte, ansatte og innbyggere, blant annet gjennom:

* Informasjonsformidling:

- Streaming av kommunestyre- og formannskapsmøter.
- På sikt vurdere streaming og/eller opptak av møter i hovedutvalgene.
- Sørge for at innsynskrav behandles raskt og senest innen tre virkedager.

** Tilrettelegging for ytringsfrihet og varsling:*

- *Oppfordre ansatte til å være åpne (også i media) om sin arbeidssituasjon og andre forhold i kommunen, også når det gjelder negative forhold.*
- *Sikre gode rutiner for varsling, både skriftlig og i praksis. Administrasjonsutvalget bes utarbeide forslag til rutiner.*

** Opplæring av folkevalgte:*

- *Arrangere kurs i åpenhet og offentlighetsloven for alle folkevalgte i løpet av første år i hver kommunestyreperiode.*

MDG v/repr. Odd Bovim påpeikte at gruppeleiar møter også skal offentliggjørast.

FrP v/repr. Frank Willy Djuvik fremma følgande forslag til vedtak:

I sak om åpenhetsprinsipp i administrasjonsutvalget skal ein vurdere prinsipp om praktisering av meiroffentlighet.

Ordførar Ola Teigen foreslo at referatsaka med innkomne forslag til vedtak blir sendt til administrasjonsutvalet for førebuing av sak til kommunestyret.

Votering:

Kommunestyret vedtok samrøystes å sende over RS 003/19 *Åpenhetsråd til politisk ledelse i kommunen* med innkomne forslag til vedtak til administrasjonsutvalet.

Prosjektrådmannen si tilråding samrøystes vedtatt.

K- 022/19 Vedtak:

RS 003/19 *Åpenhetsråd til politisk ledelse i kommunen* med innkomne forslag sendast administrasjonsutvalet for behandling.

Meldingane blir tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/19	Kommunestyre	06.11.2019

Interpellasjon/spørsmål

Underliggende sak:

001/19, Interpellasjon til Kinn kommunestyre - Meirope bibliotek

002/19, Interpellasjon: Erklæring om klimakrise

Kommunestyre 06.11.2019:

Handsaming:

Kommunestyret vedtok å utsette INTER 001/19 *Meirope bibliotek* og INTER 002/19 *Erklæring om klimakrise*.

Votering

Ingen votering.

K- 023/19 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/19	Formannskap	23.10.2019
024/19	Kommunestyre	06.11.2019

Godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Godtgjerslereglement og regulativ vert godkjend slik det ligg føre.

Formannskap 23.10.2019:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

- 1.3: 3. avsnitt, 1. setning strykes (*grunn: reguleres i pkt. 1.4. og 2.6, delvis motstridende.*)
- 1.3.: 4. avsnitt strykes. (*NB: Må sees i sammenheng med endringen i pkt. 3.5 Grunn: Disse tilfellene bør dekkes etter reglene om tapt arbeidsfortjeneste, ikke ved særskilt frikjøp*)
- 1.7.: 1. avsnitt endres til : «Varamedlem som deltek i minst 1/3 av formannskapet sine møte, skal ha 50 % av den faste godtgjersla til formannskapsmedlem.»
(*Grunn: Det er ikke andre utvalg hvor medlemmer får fast godtgjersle, så det er kun aktuelt der. Alternativt kan punktet strykes og man kan si at de får nøye seg med møtegodtgjørelse, ref. pkt. 2.1. «Gruppe 1» - det vil være en materiell endring, men det er litt «rotete» om man først betaler ut møtegodtgjørelser og deretter likevel skal gi fast godtgjørelse.*)
- 2.6: 1. avsnitt strykes. (*Grunn: Frikjøpte politikere er regulert i pkt. 1.4., for formannskapsmedlemmer i påfølgende avsnitt, for utvalgsledere i siste avsnitt – og dette punktet strider delvis mot det*)
- 3.5: «til medlemmer av formannskapet og leiarane for utvala og kontrollutvalet» strykes.
(*Grunn: Foruten at det til dels står i motsetning til neste avsnitt er det antagelig også i strid med kommunelovens § 41 (2). For frikjøpte politikere er det imidlertid forsvarlig, siden det har presumsjonen for seg at vervet er deres hovedbeskjeftigelse. Faller dette forslaget kan jeg alt nå varsle lovlighetskontroll...*)
- 4.1: 5. avsnitt endres til «Møtegodtgjersle etter dette punktet vert likevel ikkje gitt til

frikjøpte politikarar, jf. punkt. 1.4 ovanfor, medlemene i formannskapet eller leiarane for utval og kontrollutval» (*Grunn: Konsekvens av endringsforslag til 2.6, gitt at det går gjennom gir ikke dette avsnittet mening. Helt greit at dette må inngå i den faste godtgjørelsen.*)

1. 4.2: 4. avsnitt: «punkt 2.6.» vert endra til «punkt 4.1., 5. avsnitt». (*Grunn: Ref. over*)
1. 4.3., 2. avsnitt: «møtegodtgjersle» strykes. (*Grunn: Dette kan godt gå inn i den faste gruppeledergodtgjørelsen, på samme måte som formannschaftsmedlemmer ikke får godtgjørelse for møtene der.*)
1. 6, 3. avsnitt: «heime eller» strykes. (*Grunn: Det er ikke mening i at Florøfolk skal få overnattingsgodtgjørelse for møter i Florø som går over to dager. Samme for folk i Måløy. Om man imidlertid syns det er for langt hjem ved 2-dagersmøte og overnatter hos venner e.l. vil man fortsatt få dekning.*)

Endringsframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Punkt 1.5 Første setning i tredje avsnitt vert endra til: «Kven som er gruppeleiar vert bestemt av dei enkelte parti/grupper i kommunestyret, men slik at alle representantar i kommunestyret er representert ved ein gruppeleiar.

Endringsframlegg, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Ordførar si godtgjersle vert sett til 8 gonger Grunnbeløpet i Folketrygda. Frå 1.mai 2019 tilsvarar det kr. 798 864,- Regulering av godtgjersla følgjer reguleringa av Grunnbeløpet.
2. Varaordførar si godtgjersle vert sett til 30% av ordførar-godtgjersla.
3. Dei andre satsane som byggjer på prosent av ordførar-godtgjersla vert justert tilsvarande ned.

Endringsframlegg, foreslått av Edvard Iversen, Kinn Venstre

3.5

Første setning går ut.

1.6.

Endring:

For folkevalde som deltek i mindre enn 50% av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast tilsvarande. For folkevald som har tenestefri frå kommunestyrevervet i minst tre månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

Punkt 1.7 går ut, då desse heller får godtgjersle pr møte.

Punkt 2.1

Det skal berre vere ei gruppe møtegodtgjersle, dette forenkler administrasjonen sitt arbeid.

Konkrete godtgjersler:

Leiar for administrasjonsutvalet og leiar for kontrollutvalet får 3 % ikkje 4,5 %. Desse verva er mindre tidkrevjande enn hovudutvala.

Endringsframlegg, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Saken oversendes bystyret, hvor fremlagte endringsframlegg vedlegges saksframlegget.

Formannskapet ber gruppelederne om å forberede saken i forkant.

Odd Bovim fremma framlegg om å sende saka med tilleggsframlegg vidare til kommunestyre etter behandling i møte med gruppeleiarar.

Votering:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedtatt sendt vidare til kommunestyret etter behandling i gruppeleiar møte.

F- 011/19 Vedtak:

Saken oversendes bystyret, hvor fremlagte endringsframlegg vedlegges saksframlegget. Formannskapet ber gruppelederne om å forberede saken i forkant.

Kommunestyre 06.11.2019:**Handsaming:**

Endringsforslag, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Ordførar si godtgjerdsle vert sett til 8 gonger Grunnbeløpet i Folketrygda. Frå 1. mai 2019 tilsvarar det kr. 798 864,-. Regulering av godtgjerdsle følgjer reguleringa av Grunnbeløpet.
2. Varaordførar si godtgjerdsle vert sett til 30% av ordførar-godtgjerdsle.
3. Dei andre satsane som byggjer på prosent av ordførar-godtgjerdsle vert justert tilsvarande ned.

Utsettingsforslag, foreslått av Vidar Grønnevik, Kinn Høyre

Sak utsettast.

Endringsforslag, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Styreleiarar av kommunale føretak får 4,5 % godtgjersle, som skal dekke all møtegodtgjersle. Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar av styret får møtegodtgjersle som gruppe 1.

Reglar for tapt arbeidsforteneste gjeld tilsvarande for KF som for hovudutvala mv.

Godtgjersleregulativet vert å rullere i samband med revidert budsjett 2020.

Endringsforslag, foreslått av Vidar Grønnevik, Kinn Høyre

Pkt. 14 - Kommunale foretak vert sett inn på linje 6.

Pkt. 3.4 - Siste linje - endre 260 dagar til 230 dagar.

Endringsforslag, foreslått av Gustav Johan Nydal, Kinn Kristelig Folkeparti

- Gruppeleiar:

Fast sum kr 8000

Tillegg pr. medlem som AP sitt forslag

- Tapt arbeidsfortjeneste:

Pkt. legitimert tap inntil kr 6000

Endringsforslag frå eit samla kommunestyre, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti

1.3: 3. avsnitt, 1. setning strykast (grunn: regulerast i pkt. 1.4. og 2.6, delvis motstridande.)

1.3.: 4. avsnitt blir endra til: I særskilde høve med stor arbeidsbelastning kan Formannskapet vedta at utvalsleiar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar.

1.5 Første setning i tredje avsnitt strykast.

1.6.

Endring:

For folkevalde som deltek i mindre enn 50% av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast tilsvarande.

For folkevald som har tenestefri frå kommunestyrevervet i minst tre månader i samanheng skal det

gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

1.7.: 1. avsnitt endrast til : «Varamedlem som deltek i minst 1/3 av formannskapet sine møte, skal ha 50 % av den faste godtgjersla til formannskapsmedlem.» (Grunn: Det er ikkje andre utval der medlemmer får fast godtgjersle, så det er berre aktuelt der.

2.6: 1. avsnitt strykast. (Grunn: Frikjøpte politikarar er regulert i pkt. 1.4., for formannskapsmedlemmer i neste avsnitt, for utvalsleiarar i siste avsnitt – og dette punktet strider delvis mot det)

3.5 strykast.

4.1: 5. og 6. avsnitt strykast.

4.2: 4. og 5. avsnitt strykast.

4.3., 2. avsnitt: «møtegodtgjersle» strykast. Siste setning strykast (Grunn: Dette kan godt gå inn i den faste gruppeleiaragodtgjersle, på same måte som formannskapsmedlemmer ikkje får godtgjersle for møta der.)

6, 3. avsnitt: strykast.

7. endrast til: Utgifter til telefon, breiband og avisabonnement.

11. Andre strekpunkt strykast.

14. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Leiar for administrasjonsutvalet får 3 % ikkje 4,5 %.

Leiar for Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens kommunestyre får 1,5% ikkje 3,0%. Desse får ikkje møtegodtgjersle for møter i eige organ.

Punkt om dekking av utgifter til telefon, breiband og avisabonnement blir endra til 1500 for medlem av kommunestyret + 1.vara, og 3000 for hovedutvalsleiarar, utvalsleiarar, medlem av formannskapet og gruppeleiarar.

Endringsforslag frå AP, SP, SV og MDG, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti
Ny gruppeleiaragodtgjersle blir 0,4 % av ordførarlønn, med tillegg av 0,1 % for kvart medlem i gruppa.

Endringsforslag, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Flora FrPKinn Fremskrittsparti
Prosentstørrelse på styreleiar i KF endrast til 3 %.

Votering

Kommunestyret voterte over utsettingsforslaget fremma av H. Kommunestyret vedtok å ikkje utsette saka.

Endringsforslag frå eit samla kommunestyre fremma av AP samrøystes vedtatt som grunnlag for vidare behandling.

Fast godtgjersle

Punkt 1 fremma av Rødt fekk 4 stemmer (Rødt) og forslaget falt.

Punkt 2 fremma av Rødt fekk 6 stemmer (FrP og Rødt) og forslaget falt.

Punkt 3 fremma av Rødt: Stemt ned, ikkje gjeldande.

Gruppeleiarar (vedlegg saksframlegg; Godtgjersleregulativ for Kinn kommune, punkt 14)

Forslaget fekk 13 stemmer og forslaget falt.

Gruppeleiarar

Endringsforslag frå AP, SP, SV og MDG vart votert alternativt over endringsforslag frå KrF.

Endringsforslag frå KrF fekk 13 stemmer og forslaget falt.

Nytt punkt

Kommunestyret vedtok samrøystes å ta inn nytt punkt i reglementet som gjeld styreleiar og medlemmer for dei kommunale foretaka.

Styreleiarar KF

Endringsforslag frå V vart votert alternativt over endringsforslag frå FrP. Endringsforslag frå V vedtatt mot 18 stemmer.

Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar KF

Endringsforslag frå V vart samrøystes vedtatt.

Tapt arbeidsforteneste KF

Endringsforslag frå V vart samrøystes vedtatt.

Rullering godtgjersleregulativ

Endringsforslag frå V vart samrøystes vedtatt.

Kommunale foretak

Endringsforslag frå H: allereie behandla.

Legitimert tap i inntekt

Endringsforslag frå KrF vart vedtatt mot 14 stemmer.

Sjølvstendig næringsdrivande

Endringsforslag frå KrF vart samrøystes vedtatt.

K- 024/19 Vedtak:

Endringsforslag frå eit samla kommunestyre fremma av AP samrøystes vedtatt som grunnlag for vidare behandling

1.3: 3. avsnitt, 1. setning strykast (grunn: regulerast i pkt. 1.4. og 2.6, delvis motstridande.)

1.3.: 4. avsnitt blir endra til: I særskilde høve med stor arbeidsbelastning kan Formannskapet vedta at utvalsleiar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar.

1.5 Første setning i tredje avsnitt strykast.

1.6.

Endring:

For folkevalde som deltek i mindre enn 50% av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast tilsvarande.

For folkevald som har tenestefri frå kommunestyrevet i minst tre månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

1.7.: 1. avsnitt endrast til : «Varamedlem som deltek i minst 1/3 av formannskapet sine møte, skal ha 50 % av den faste godtgjersla til formannskapsmedlem.» (Grunn: Det er ikkje andre utval der

medlemmer får fast godtgjersle, så det er berre aktuelt der.

2.6: 1. avsnitt strykast. (Grunn: Frikjøpte politikarar er regulert i pkt. 1.4., for formannskapsmedlemmer i neste avsnitt, for utvalsleiarar i siste avsnitt – og dette punktet strider delvis mot det)

3.5 strykast.

4.1: 5. og 6. avsnitt strykast.

4.2: 4. og 5. avsnitt strykast.

4.3., 2. avsnitt: «møtegodtgjersle» strykast. Siste setning strykast (Grunn: Dette kan godt gå inn i den faste gruppeleiaragodtgjersle, på same måte som formannskapsmedlemmer ikkje får godtgjersle for møta der.)

6, 3. avsnitt: strykast.

7. endrast til: Utgifter til telefon, breiband og avisabonnement.

11. Andre strekpunkt strykast.

14. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Leiar for administrasjonsutvalet får 3 % ikkje 4,5 %.

Leiar for Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens kommunestyre får 1,5% ikkje 3,0%. Desse får ikkje møtegodtgjersle for møter i eige organ.

Punkt om dekking av utgifter til telefon, breiband og avisabonnement blir endra til 1500 for medlem av kommunestyret + 1.vara, og 3000 for hovedutvalsleiarar, utvalsleiarar, medlem av formannskapet og gruppeleiarar.

Gruppeleiarar

Ny gruppeleiaragodtgjersle blir 0,4 % av ordførarlønn, med tillegg av 0,1 % for kvart medlem i gruppa.

Nytt punkt

Kommunestyret vedtok samrøystes å ta inn nytt punkt i reglementet som gjeld styreleiar og medlemmer for dei kommunale foretaka.

Styreleiarar KF

Styreleiarar av kommunale føretak får 4,5 % godtgjersle, som skal dekke all møtegodtgjersle.

Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar KF

Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar av styret får møtegodtgjersle som gruppe 1.

Tapt arbeidsforteneste KF

Reglar for tapt arbeidsforteneste gjeld tilsvarande for KF som for hovudutvala mv.

Rullering godtgjersleregulativ

Godtgjersleregulativet vert å rullere i samband med revidert budsjett 2020.

Legitimert tap i inntekt

Pkt. legitimert tap inntil kr 6000.

Sjølvtendig næringsdrivande

Pkt. 3.4 - Siste linje - endre 260 dagar til 230 dagar.

Bakgrunn for saka:

Møterelement for Kinn kommune vert lagt fram for godkjenning.

Vedlegg i saken:

Godtgjersleregulativ for Kinn kommune, 151019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/19	Formannskap	23.10.2019
025/19	Kommunestyre	06.11.2019

Delegeringsreglement Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegeringsreglement for Kinn kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskap 23.10.2019:

Handsaming:

Tilleggsframlegg, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Administrasjonen går igjennom reglementet før neste kommunestyremøte for å rette opp småfeil og unødvendige formuleringar i reglementet. Det som naturleg fell under andre reglement bør flyttast over der.

Tilleggsframlegg, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Pkt. 1.13.2 a) strykes

(grunn: ref. innlegg, det står i pkt 6.7. a) i "Politisk organisering")

Tilleggsframlegg fremma av rådmannen, foreslått av ,
Delegeringsreglement, møtereglement og sak om politisk organisering vert å samordne.

Votering:

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedtatt.

F- 010/19 Vedtak:

1. Delegeringsreglement for Kinn kommune vert vedteke med endringsframlegg.
2. Pkt. 1.13.2 a) strykast.
3. Administrasjonen går igjennom reglementet før neste kommunestyremøte for å rette opp småfeil og unødvendige formuleringar i reglementet. Det som naturleg fell under andre reglement bør flyttast over der.
4. Delegeringsreglement, møtereglement og sak om politisk organisering vert å samordne.

Kommunestyre 06.11.2019:

Handsaming:

Tilleggsforslag, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Delegeringsreglementet vert rullert i løpet av 2020.

Forslag frå gruppeleiarane, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Under henvisning til vedtaket fra formannskapet av 23.10.19 gjøres følgende endringer:
Pkt. 1.8. strykast. (subsidiært: 1.8.2. og 1.8.3 blir strøket)
Pkt. 1.9.1 til 1.9.3. strykast (1.9.4 inneholder «arbeidsområde», og kan muligens bli stående.)
Pkt. 1.10.1 strykast (1.10.2 er «arbeidsområde»)
Pkt. 1.11.1 strykast (1.10.2 er «arbeidsområde»)
Pkt. 1.12.1 strykast (1.10.2 er «arbeidsområde»)
Pkt. 1.13 til 1.15 strykast i sin heilskap.

Orientering v/gruppeleiar Odd Bovim.

Prosjektrådmann Terje Heggheim orienterte at det vil bli utarbeida ei sak til kommunestyret
11.12.2019.

Votering

Forslag frå gruppeleiarane fremma av MDG samrøystes vedtatt.
Tilleggsforslag frå V samrøystes vedtatt.
Reglementet i sin heilhet vart samrøystes vedtatt.

K- 025/19 Vedtak:

Under henvisning til vedtaket fra formannskapet av 23.10.19 gjøres følgende endringer

Pkt. 1.8. strykast. (subsidiært: 1.8.2. og 1.8.3 blir strøket).

Pkt. 1.9.1 til 1.9.3. strykast (1.9.4 inneholder «arbeidsområde», og kan muligens bli stående.)

Pkt. 1.10.1 strykast (1.10.2 er «arbeidsområde»)

Pkt. 1.11.1 strykast (1.10.2 er «arbeidsområde»)

Pkt. 1.12.1 strykast (1.10.2 er «arbeidsområde»)

Pkt. 1.13 til 1.15 strykast i sin heilskap.

Rullering

Delegeringsreglementet vert rullert i løpet av 2020.

Delegeringsreglement for Kinn kommune, med vedtatte endringar, vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Delegeringsreglement, versjon 01.09.2019 for Kinn kommune, som ligg ved saka.

Saksopplysningar:

Delegeringsreglement for Kinn kommune vart handsama i sak 104/19 i Fellesnemnda 04.09.2019, og
følgjande vedtak vart fatta:

Delegeringsreglementet for Kinn kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Vurderingar:

Delegeringsreglementet skal til endeleg handsming i Kinn kommunestyre.

Økonomiske konsekvensar:**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:****Vedlegg i saken:**

Delegeringsreglement - versjon 01.09.2019



Saksframlegg

Saksnr.	Utal	Møtedato
026/19	Kommunestyre	06.11.2019

Strømming av formannskapsmøter i Kinn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapsmøta i Kinn vert streama fom møte 20.11.2019.

Kommunestyre 06.11.2019:

Handsaming:

Votering

Prosjektrådmannen si innstilling samrøystes vedtatt.

K- 026/19 Vedtak:

Formannskapsmøta i Kinn vert streama fom møte 20.11.2019.

Bakgrunn for saka:

Det er eit ønskje frå politisk hald at formannskapsmøta i Kinn skal streamast.

Saksopplysningar:

Kinn kommune stremar i dag kommunestyremøta og har tidlegare streama møta i Fellesnemnda.

Ein nyttar Aventura KommuneTV for direktesendingar frå politiske møter.

Live Stream inkluderer alle kommunene sine innbyggjarar over nett og tillet at ein og kan sjå sendingane i ettertid.

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/19	Formannskap	23.10.2019
027/19	Kommunestyre	06.11.2019

Etablering av nytt innkjøpssamarbeid i Sogn og Fjordane med Kinn som vertskommune

- Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kinn kommune tek på seg rolla som vertskommune for nytt innkjøpssamarbeid for kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Innkjøpssamarbeidet blir etablert som administrativt vertskommunesamarbeid, leia av innkjøpssjef i Kinn.
- Invitasjon til deltaking vert å sende alle kommunar i Sogn og Fjordane.
- Tiltaket vert å innarbeid i budsjett og økonomiplan slik det framkjem i rapport. Område Innkjøp styrkast med auke i nettoramme på kr. 544.000,- Når avtaler med deltakande kommunar er på plass, vert det føreteke justering av Kinn kommune sitt budsjett. Tiltaket skal ikkje påføre Kinn som vertskommune høgare kostnader en det som framkjem som Kinn kommune sin andel av drift av eit slikt samarbeid. Kinn skal ha høve til å dekke si deltakaravgift i slikt samarbeid gjennom å nytte egne ressursar på innkjøpsområdet.
- Rådmannen får mynde til å lyse ut stillingar og tilsette kvalifisert personell innanfor rammene oppgeve i rapporten, for å gjennomføre tiltaket.
- Innkjøpssjef i Kinn skal rapporterer framdrift på etablering av samarbeidet til kommunestyret i Kinn i mai 2020. Vidare skal Innkjøpssjef legge fram forslag til felles retningslinjer og innkjøpspolitikk som leggst til grunn for Kinn kommune og arbeidet i samarbeidet i løpet av 2020. Her skal ivaretaking av lokal handel, sosiale tilhøve, universell utforming og miljø være egne tema.

Formannskap 23.10.2019:

Handsaming:

Ingen merknadar som førte til endringsframlegg.

Voting:

Rådmannen si tilråding samrøystes vedtatt.

F- 016/19 Vedtak:

1. Kinn kommune tek på seg rolla som vertskommune for nytt innkjøpssamarbeid for kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Innkjøpssamarbeidet blir etablert som administrativt vertskommunesamarbeid, leia av innkjøpssjef i Kinn.
2. Invitasjon til deltaking vert å sende alle kommunar i Sogn og Fjordane.
3. Tiltaket vert å innarbeid i budsjett og økonomiplan slik det framkjem i rapport. Område Innkjøp styrkast med auke i nettoramme på kr. 544.000,- Når avtaler med deltakande kommunar er på plass, vert det føreteke justering av Kinn kommune sitt budsjett. Tiltaket skal ikkje påføre Kinn som vertskommune høgare kostnader en det som framkjem som Kinn kommune sin andel av drift av eit slikt samarbeid. Kinn skal ha høve til å dekke si deltakaravgift i slikt samarbeid gjennom å nytte egne ressursar på innkjøpsområdet.
4. Rådmannen får mynde til å lyse ut stillingar og tilsette kvalifisert personell innanfor rammene oppgeve i rapporten, for å gjennomføre tiltaket.
5. Innkjøpssjef i Kinn skal rapporterer framdrift på etablering av samarbeidet til kommunestyret i Kinn i mai 2020. Vidare skal Innkjøpssjef legge fram forslag til felles retningslinjer og innkjøpspolitikk som leggst til grunn for Kinn kommune og arbeidet i samarbeidet i løpet av 2020. Her skal ivaretaking av lokal handel, sosiale tilhøve, universell utforming og miljø være egne tema.

Kommunestyre 06.11.2019:**Handsaming:**

Endringsforslag til vedtak, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

1. Kinn kommune tek ikkje på seg rolla som vertskommune for nytt innkjøpssamarbeid for kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.
2. Rådmannen skal legge fram forslag til felles retningslinjer og innkjøpspolitikk for Kinn kommune for kommunestyret. Her skal m.a. ivaretaking av lokal handel, sosiale tilhøve, universell utforming og miljø vere egne tema. Det skal vere eit mål å lage eit smidig regelverk, der ein kjøper mest mogleg varer og tenester lokalt, innanfor rammene av gjeldande rett.

Prosjektrådmann Terje Heggheim og ordførar Ola Teigen orienterte.

Votering

Formannskapet si innstilling vedtatt mot 11 stemmer.

K- 027/19 Vedtak:

1. Kinn kommune tek på seg rolla som vertskommune for nytt innkjøpssamarbeid for kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Innkjøpssamarbeidet blir etablert som administrativt vertskommunesamarbeid, leia av innkjøpssjef i Kinn.
2. Invitasjon til deltaking vert å sende alle kommunar i Sogn og Fjordane.
3. Tiltaket vert å innarbeid i budsjett og økonomiplan slik det framkjem i rapport. Område Innkjøp styrkast med auke i nettoramme på kr. 544.000,- Når avtaler med deltakande kommunar er på plass, vert det føreteke justering av Kinn kommune sitt budsjett. Tiltaket skal ikkje påføre Kinn som vertskommune høgare kostnader en det som framkjem som Kinn kommune sin andel av drift av eit slikt samarbeid. Kinn skal ha høve til å dekke si deltakaravgift i slikt samarbeid gjennom å nytte egne ressursar på innkjøpsområdet.
4. Rådmannen får mynde til å lyse ut stillingar og tilsette kvalifisert personell innanfor rammene oppgeve i rapporten, for å gjennomføre tiltaket.

5. Innkjøpssjef i Kinn skal rapportere framdrift på etablering av samarbeidet til kommunestyret i Kinn i mai 2020. Vidare skal Innkjøpssjef legge fram forslag til felles retningslinjer og innkjøpspolitikk som legges til grunn for Kinn kommune og arbeidet i samarbeidet i løpet av 2020. Her skal ivaretagelse av lokal handel, sosiale tilhøve, universell utforming og miljø være egne tema.

Bakgrunn for saka:

Kommunane i Sogn og Fjordane har i dag samarbeid om innkjøp gjennom Sogn og Fjordane Fellesinnkjøp (SFFI) drifta av fylkeskommunen som eit vertskommunesamarbeid. Ved overgang til Vestland fylke er det bestemt at innkjøpsavdeinga der ikkje lenger skal drifte slike tenester for kommunane. Innkjøpssamarbeidet handterer i dag ca. 55 avtaler på vegner av kommunane i fylket, samt driftar system for e-handel. Dette er tenester ein ikkje lenger vil få dekkja gjennom samarbeid med Fylkeskommunen.

Saksopplysningar:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ville med utgangspunkt i melding gjeve i hausten 2018, trekke seg ut av samarbeidet med kommunane pr. 01.01.2020, ved overgang til Vestland Fylke.

Fylkesstyret i Sogn og Fjordane sette ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide forslag til korleis ein skulle møte dette. Arbeidsgruppa utarbeidde rapport med tilråding som vart handsama i KS-Rådmannsutval og KS-Fylkesstyre i byrjinga av oktober 2019. Vedtak i KS-Fylkesstyre er som følger:

«Fylkesstyret i Sogn og Fjordane er samd i konklusjonane i utgreiinga og ber Kinn kommune ta på seg oppgåva som vertskommune for eit innkjøpssamarbeid og koordinere det vidare arbeidet.

Fylkesstyret i Sogn og Fjordane oppmodar kommunane i Sogn og Fjordane til å slutte seg til innkjøpssamarbeidet.»

Vurderingar:

Kinn kommune har i dag tre sertifiserte innkjøparar; Innkjøpsleiar og to innkjøpsrådgjevarar.

Ein handamar allereie i dag fleire av dei felleskommunale avtalane til SFFI etter avtale med innkjøpssamarbeidet. Kinn har såleis tilstrekkeleg grunnkompetanse til å kunne ta på seg eit slikt oppdrag, og starte etableringa av slikt felles kommunalt innkjøpssamarbeid i regi av Kinn kommune.

For å kunne ta oppdrag med å etablere eit minstenivå av innkjøpssamarbeid for kommunane i Sogn og Fjordane, viser rapporten at ein må opp med ytterlegare 3 årsverk, der eit årsverk vil være med fokus på e-handel og merkantile rutiner. Ein vil då kunne drifte eit samarbeid for dei 18 kommunane i Sogn og Fjordane på eit basis minimumsnivå. Det vil være tenleg å få tak i best mogeleg kompetanse på dette område. Såleis bør ein legge til grunn at dei som vert tilsett har fri arbeidsstad mellom Florø og Måløy. Dette vil kunne gjere det enklare å rekruttere til slike stillingar.

Kostnadsfordeling i forslaget: Her ligg det ei auke i kostnadane for kommunane, hovudsakleg av di at fylkeskommunen går ut, og av di ordninga i dag har vore underfinansiert/dekka av fylkeskommunen. Arbeidsgruppa har lagt til grunn ein finansieringsmodell der 20 % av kostnadane baserer seg på abonnement, og 80% av kostnadane baserer seg på per.kapita, at ein betaler etter innbyggjartal. Dette vurderast som ein fornuftig modell for deling av kostnader. Dersom ikkje alle kommunene vel å bli med i slikt samarbeid, må ambisjonsnivået justerast tilsvarande, slik at kostnadane samla sett for den enkelte kommune ikkje blir høgare enn det rapporten tilseier.

Det å ta på seg rolla som vertskommune for slikt samarbeid vil utløyse nokre fordeler, men kan også medføre noko risiko. Fordelane vil være at Kinn får være motor for utviklinga av innkjøpskompetanse i Sogn og Fjordane framover, og gjennom eit styrka miljø på dette, vil vi truleg kunne hente ut endå betre gevinstrealisering gjennom betre kvalitet, betre prisar og ivaretagelse av kommunen sine samfunnsplikter i høve anskaffing når det gjeld ivaretagelse av sosiale vilkår og miljø. Dette er gevinstar som vi då vil dele med alle som deltek i samarbeidet.

Risiko som følger med vertskommunerolla går i hovudsak på prosessrisiko i høve offentleg anskaffing. Regelverket her er til dels komplisert, og behov for innhenting av juridisk spesialkompetanse i enkeltsaker kan medføre til dels store svingingar i kostnadsnivået. Avtaleutkast som her ligg ved for utsending til alle kommunane, balanserer godt det å fordele risiko og gevinst.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane for den enkelte kommune framkjem i vedlegg 3 Budsjettsimulator Ny struktur»

